



Lostransport - s. 3



Byggestart - s. 4



Ny serie - s. 6



# BOKN BYGDABLAD


Nr. 2 mars/april 2016 – Årg. 31



Konfirmanter - s. 3

KJEKT PÅ BOKN





Kjære boknerar

### Folkeavstemning 20. juni

Den 20. juni avholdes det folkeavstemning om Bokn skal slå seg sammen med Tysvær eller fortsatt være egen kommune. Dagen etter, den 21. juni, vil kommunestyret gjøre vedtak i saken. Alle gruppeledere har signalisert at deres partier vil følge folkets råd i saken. Det som blir resultatet i folkeavstemningen blir således avgjørelsen for saken. Forhåndsstemming vil være mulig i perioden 20. mai til 17. juni. Nytt inntektssystem for kommunene er en avgjørende faktor for mange kommuner. Denne saken er sagt å komme opp i stortinget for avgjørelse 15. juni. Innstillingen legges frem 11. mai. Det er dermed stor sannsynlighet at de som stemmer valgdagen får avgjørelsen for inntektssystemet før avgjørelsen skal tas i folkeavstemningen.

Det legges opp til et folkemøte i midten av juni for å informere om det som er mulig å informere om før avstemningen 20. juni. Det er en spennende tid fremover og en stor avgjørelse som tas 21.juni.

### Rogfast

Arbeidet med Rogfast går taktfast fremover og er nå i fasen med KS2 som er en kvalitetssikring av blant annet kostnadene i prosjektet. Etter at dette er gjennomført skal Stortinget ta den endelige avgjørelsen om Rogfast skal bygges. Om det blir vedtatt, noe det etter all sannsynlighet blir, er planen å starte opp med anleggsarbeidet i løpet av 2017. Planen skal da være å starte med en stor ventilasjonstunell ca. ved den store parkeringsplassen ovenfor kafeen på



Are. Ventilasjonstunellen drives inn til der hvor selve hovedtunellen skal være. Fra hovedtunellen skal det så bli drevet tunell begge veier, utover Boknafjorden og innover mot Laupland. Masseuttaket vil da foregå gjennom ventilasjonstunellen.

### Flyktninger

Tirsdag 19. april gjorde kommunestyret vedtak om å ta imot en flyktningfamilie til Bokn. Saken om bosetting av flyktninger er en sak det har vært, og er mye engasjement rundt. Menningene hvordan Bokn best håndterer dette er varierte, og ønskene om hvilket antall man skal bosette varierer fra få til mange. I vedtaket er det tatt med at det skal settes ned en gruppe som skal organisere bosettingen. Vi ser frem til at gruppen lager et godt opplegg med god integrering slik at de som kommer til Bokn skal føle seg velkommen og bli tatt godt imot.

### Grieg Seafood Trosnavåg

Styret i Grieg Seafood har tatt den gledelige beslutningen om å utvide smoltanlegget på Trosnavåg. Utvidelsen som er en investering på rundt 120 mill. kroner vil sikre drift ved anlegget de neste 20-30 år. For Bokn er dette særdeles flotte nyheter. Utvidelsen vil innbefatte ny produksjonshall og nytt administrasjonsbygg. Det blir opplyst at det vil bli 5

nye arbeidsplasser ved anlegget og at det i disse stillingene vil bli ansatt personer som må bo i Bokn på grunn av vaktordning. Vi gratulerer Grieg med vedtaket og gleder oss over aktivitet og 5 nye arbeidsplasser i Bokn.

### 17. mai

Årets 17. mai med tilhørende feiring nærmer seg med stormskritt. Årets feiring vil starte i Alvestadkroken med kapproing og frokost på sjøhuset til Lars Magnus. Frokost 17. mai-morgenen har vært savnet av mange i de årene det ikke har vært arrangert, og vi gleder oss til en trivelig start på dagen i maritime omgivelser. Etter frokost og kapproing vil toget gå opp til kirken med familiegudstjeneste. Etter gudstjenesten går toget ned til Boknatun og deretter til skolen hvor feiringen av dagen fortsetter. Det som blir spesielt i år er at det etter all sannsynlighet blir den siste 17. mai-feiringen i gymsalen på skolen. Neste år vil feiring foregå i nye flotte omgivelser i ny flerbruks-hall. Vi gleder oss både til årets, og neste års 17. mai-feiring. Ønsker alle en fortsatt fin vår og en flott feiring av nasjonaldagen.

*Hilsen ordføreren*



### Stort framsidebilde, årets confirmantar (foto: JH):

Bak fv. Adrian Hesthammer, Tomas Martin Alvestad, Sander Aksdal, Sven Jøsang og Endre Øvrebø.

Framme fv. Lea Banaszkiwicz, Maya Sudmann Bannister og Madelen Kallevik Hanssen.

Lydia Verena Ognøy var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Maya Sudmann Bannister blir confirmert i Festiviteten 30. april.

Lea Banaszkiwicz blir confirmert i Festiviteten 1. mai.

Lydia Verena Ognøy blir confirmert i Tabernaklet 1. mai.

Dei andre blir confirmerte i Bokn kyrkje 1. mai.

## Norsk lostransport AS til Bokn

Jardar Havikbotn

14. april ynskte ordførar Tormod Våga Norsk lostransport AS (tidlegare tilbringartenesta for los) hjarteleg velkomne til Bokn og sjøhuset i Alvestadkroken 32.

Foto: Fv. Ordførar Tormod Våga, Vidar Kupen, Hallgeir Holthe og Olav Knutsen.

Overrekkinga av blomar og kake frå Bokn kommune gjekk føre seg i 2. etg. på sjøhuset. Då hadde Vidar Kupen, Hallgeir Holthe og Olav Knutsen frå Buksér og Berging AS hatt oppstartsmøte med losførarane.

- Her er det fantastisk greit, seier Olav Knutsen og ser ut over Boknasundet.

- Ja, her blir det kortare seiling og trafikkavviklinga blir meir effektiv, legg Vidar Kupen til.

Hallgeir Holthe skryter av fine lokale nær sjøen.

- Og ikkje minst, her føler me oss velkomne!

### Frå 15. april

Tilbringartenesta for los var tidlegare ein del av lostenesta i Kystverket. 1. januar blei denne tildelt BB med overtaking på denne stasjonen 15. april kl. 00:00. Tenesta, som har vore utført av Kystverket sjølv, blir nå privatisert, og Kystverket skal kjøpa denne på ein 10 års kontrakt som altså BB har fått. Norsk lostransport AS er eit dotterselskap av BB.



Fv. Ordførar Tormod Våga, Vidar Kupen, Hallgeir Holthe og Olav Knutsen.

Samstundes med tildelinga blei det også bestemt at tilbringartenesta, som tidlegare har vore i Kopervik, skulle flyttast til Bokn. Grunnen er at Bokn er nærmare bordingsfeltet på Skudefjorden, der mesteparten av trafikken tar los. Blant fleire alternativ i Bokn fall valet på sjøhuset til Espen og Åse Helen Alvestad.

### Åtte tilsette

Dei som er vakt vil då ha basen ut frå Alvestadkroken 32. Her kan dei kvila mellom vaktene. På losbåten vil det vera åtte tilsette (fire samstundes på vakt), der tre av dei er boknarar. Dette vil generera aktivitet, i form av

transport - og kanskje får også fleire boknarar arbeidsplassen sin der i framtida.

Ordføraren tykkjer det er stor stas å kunna ynskja dei velkomne til Bokn. Det har lenge vore snakk om å flytta tenesta til kommunen.

- Kommunikasjonen i Rogaland har gjort flytting meir og meir naturleg. E39, T-sambandet, kortare distansar og korleis Bokn ligg i forhold til operasjonsområda er nok mykje av hovudgrunnen til dette, seier Tormod Våga.

## Start på Fyren bustadfelt

Jardar Havikbotn

### Først ute på det kommunale bustadfeltet på Fyren er det unge paret Tom Inge Aksdal og Lene Surnevik.

- Greit å vera først ute i eit felt, så fekk me velja kor me ville bu, seier Lene (26), som er oppvaksen i Gismarvik, men som har besteforeldre i Havnavegen. Der bur dei i dag i nordre delen av huset.

kjekt og praktisk å ha besteforeldra til ungane eit steinkast lenger sør.

Tom Inge skryter av feltet, som er ferdig opparbeida med m.a. asfaltert vegnett og leikeplass.

- Her er det solrikt og flatt - ganske praktisk. Eg måtte berre sprenga ein liten knaus, elles er det berre å fylla på.

- Ny E39 og kryssing av Boknasundet lenger sør vil også gjera bustader på Fyren, Øyren og Alvestad meir attraktive, då dei sannsynlegvis blir meir skjerma for trafikk. Alt tyder på at ein om nokre år, med tanke på investering, får pengane att, og vel så det, seier Aarvik, og meiner at det berre er eit tids spørsmål før ting skyt fart.



**FØRST UTE:** Lene Surnevik og Tom Inge Aksdal med ungane Ole Christian Hervik Aksdal, Oda Sofie Surnevik Aksdal og Adrian Surnevik Aksdal på veg ut av bildet. Til høgre Erlend Aarvik frå utbyggar Nordbohus Haugaland.

Sambuar Tom Inge fortel at dei i mange år har vore på jakt etter tomt på Bokn, og at det eigentleg var litt tilfeldig at dei havna her.

- Men når me var her nede og kikte, var me ikkje i tvil om akkurat denne tomta, seier han. 29-åringen er oppvaksen på Fyren, og det må vera

### Gode utsikter

Han trur også Bokn vil bli ein attraktiv plass å bu, når Rogfast kjem - ikkje minst pga. tomteprisane, som er låge i Bokn samanlikna med stadene sør for den kommande Rogfast-tunellen. Erlend Aarvik frå utbyggar Nordbohus Haugaland er samd.

Nedgangstidene i oljeindustrien bestemmer mykje, men med tunellrealisering vil moglegheitene opna seg.

Paret skal gifta seg i Bokn kyrkje 2. juli. Tom Inge synest det er fint å vera ferdig med husbygging, og giftemål før ein er 30. - Men å ta alt på same året veit eg

ikkje om eg anbefaler så veldig, smiler ein som også er engasjert i lokalpolitikken ved sida av jobben på Grieg Seafood.

- Så kan me slappa av etterpå, kjem det frå Lene.

Det er ingen tvil om at paret gler seg til å flytta inn i det moderne funkis-huset, som også er plassert rett nord for leikeplassen. Kort veg til den gamle leikeplassen på Fyren er det også - og ikkje minst til Alvestad nærmiljøanlegg, noko Ole Christian minner oss om.

- Det blir ikkje så langt til fotballtrening, seier niåringen, og ser mot den flotte kunstgrasbanen. Han og søstera ser fram til å få kvart sitt rom i det nye huset. Og romma er sjølvsagt valde ut allereie.

Bygdabladet ynskjer lukke til med nytt hus!

#### Fleire kjem til

Nibe AS, som har kjøpt den store tomte framfor det unge paret sitt hus, har to einebustader under planlegging i første byggetrinn.


Eg får opplyst at bustadene vil bli over to etasjar med flott utsikt over Boknasundet. Dei vil innehalda stove og kjøkken, tre soverom, bad, gjestetoalett, vaskerom, to balkongar og carport - og Nibe AS har som mål å kunna realisera dette til ein pris rundt 3.000.000,-



*Familien Surnevik Aksdal får det fint i stort hus på Fyren bustadfelt.*



*Det er framleis ledige tomter på feltet. Interesserte kan ta kontakt med Kjell Arne Valentinsen ved seksjon teknisk i Bokn kommune.*



*12.04.16: Fyren bustadfelt er ferdig opparbeida med m.a. asfaltert vegnett og leikeplass.*

# Pensjonert

Jardar Havikbotn

Bokn Bygdablad vil i ein ny serie setta fokus på dei medarbeidarane som gjekk av med pensjon i Bokn kommune året før. I 2015 galdt dette Ingjerd Ellingsen, Arne Hosaas, Astrid Sollid, Lindy Haram, Inger Sønnøve Bokneberg og Marianne Øvrebø. I dette nummeret blir det eit tilbakeblikk for dei tre førstnemnde, som alle gjekk av ved Bokn skule 1. august i fjor.

Ingjerd byrja som lærar på Hognaland skulehus 1. august 1971. Ho jobba både i barne- og ungdomsskulen. Etter eit halvt års pause hausten 1975, var Ingjerd attende på skulen og hadde og ansvar for skulebiblioteket, og seinare Bokn Folkebibliotek. Nokre år var ho tilsett som undervisningsinspektør og vikarierte som skulesjef skuleåret 1997/98. 01.01. 2000 til 01.09.2012 var Ingjerd tilsett som rektor.

Arne blei tilsett som lærar ved skulen 01.08.1978 og jobba der til 01.08.1986. Då byrja han i SR-Bank Bokn, som kunderettleiar og banksjef til 01.08.1995. Frå det tidspunktet gjekk han tilbake til Bokn skule. Der har Arne hatt ulike oppgåver, t.d. rådgjevar og hovudtillitsvalt, men i første rekke har han vore kontaktlærar, særleg på ungdomstrinnet.

Astrid byrja 01.08.1990 og hadde ein 50% stilling som leiar for eit nyoppretta PPT kontor ved Bokn skule. Ved



*FJØRSILKEBRIS, JUNI 2015: Avslutning for fv. Astrid Sollid, Arne Hosaas og Ingjerd Ellingsen.*

*Foto: Wenche L. Havikbotn*

sida av hadde ho 30% stilling som lærar. Kontoret var lite og hadde berre to 50% stillingar samt 20% frikjøp av psykolog frå Tysvær.

Hausten 1996 overtok Tysvær denne funksjonen etter Astrid sitt ønske. Frå då av har ho hatt vanleg lærarstilling ved skulen. Astrid har hatt spesialundervisning, vore faglærar og kontaktlærar.

## Utvikling

Skulen har naturleg nok utvikla seg mykje i alle desse åra, frå stensilmaskin-perioden (med sterk spritlukt) til dagens moderne nettbrett. Ingjerd hugsar då det kom overhead, TV og kassetar m/program frå skulefjernsynet slik at ein kunne variera undervisningsmåtane. Astrid understreker at integreringa av IKT (Informasjons- og kommunikasjonsteknologi) i sku-

lekvardagen har vore det viktigaste for utviklinga innan arbeidsmetodar og materiell i skulen. - Øvings, rette og hjelpeprogram for alle dei som treng litt ekstra drahjelp i lese- og skriveprosessen, er viktige her, seier ho.

- I dag er det ikkje grenser for kva ein kan bruka i undervisninga, skyt Ingjerd inn, men legg til at ho framleis synest at boka er viktig.

Arne var ein av dei første som tok edb-utdanning til bruk i skulen. - I 1984 heiv me ut dei gamle Remington-skrivemaskinane og skifta dei ut med moderne Tiki-datamaskinar og ein nåleprinter som stod og bråka i eit hjørne. Den gongen trudde me at me hadde investert i edb-utstyr for mange år framover, men i etterkant er det lett å sjå at det

berre var starten på ei teknologisk utvikling me ikkje ser kor skal slutta, fortel han, og kjem me ein anekdote frå dei første åra dei var online: *Anekdoten kan vera eleven som gjekk inn på bestillingslista til Vinmonopolet og bestilte så pass mange flasker at det kom på døra heime som eigen leveranse...*

Arne hugsar også at alt dei brukte den gongen blei tatt vare på. Nå meiner han at det også i skulen har blitt meir «bruk og kast».

- Eg er redd det er blitt litt slik med kunnskapen også. Den er ferskvare som berre har nytteverdi til neste prøve eller eksamen, og det blir elevane og skulen målt etter, seier han.

- Som pensjonert sløydlærer er eg nok meir på at me pussar litt her og justerer litt der, og hjelper kvarandre til eit best mogleg resultat både for dagen i dag og for livet i sin alminnelighet.

#### **Uforgløyemelege episodar**

Astrid hugsar best dei morosame situasjonane. Ein gong ho var på tur med småskulen til Nærmiljøanlegget datt ho baklengs ut i sjøen frå enden av moloen, fullt påkledd med briller, bilnøklar og andre småting i lommene. Forskrekka elevar hugsar framleis episoden.

Ingjerd vil trekka fram ei hending som varma ein lærar som hadde passert 60 år og var redd for å "gå ut på dato". Etter ein vikartime i 4. klasse der me hadde om jernalderen og verkeleg lot fantasien få fritt spele-rom om korleis folk den gongen kanskje hadde det på Bokn, kom det frå ein av elevane då timen var slutt:

- Å, det var kjekt å ha ein time med ein lærar som har "levd ei stund".

Arne kjem med ei historie frå banken si tid på Bokn:

- Dagen før me skulle opna banken i nye lokaler i Boknatun skulle vi få eit nytt, gamalt bankbokshvelv frå ein

nedlagt filial på flyplassen på Helganes. Her må det skytast inn at golvet i «gamle» banken er eit datagolv. Golvplatene er ikkje falska og står på stilletter ca. 12 cm over betonggolvet slik at dei kan takast opp og ein kan leggja kablar under. Flyttebil og tre sterke karar kom med skapet som vog om lag 3 tonn. Tre meter innafør døra i banken, midt på golvet, gjekk skapet og flyttelasset gjennom datagolvet, ned på betonggolvet. Flyttekarane gjekk tre gonger rundt den havarete kolossen, mumla noko om at skapet var levert, sette seg i bilen og reiste tilbake til fastlandet. Tilbake med problemet stod eg og dei andre tilsette i banken. Sigmund og Odd vart tilkalla, dei kikka seg litt rundt og løyste problemet. Mitt bidrag var å opna vindauget i banken. Der stakk dei inn kranen, fekk løfta hvelvet dei nødvendige centimetrane slik at me fekk lagt under nye golvplater og stålplater, så trilla dei skapet på plass og banken kunne opna neste dag.

#### **Spesielt gledeleg**

Nokre av pensjonistane vil trekka fram ting som har gleda meir enn andre. For Astrid har gleda vore ekstra stor då ho fekk oppleva at elevar fekk ting til og at dei lukkast med det dei heldt på med.

Når Ingjerd ser tilbake på heile 44 år i yrket har det for henne betydd mest at personalet har fått egne arbeidsplassar.

- Då eg var nyutdanna hadde me på "lærarrommet" på Kyrkjebygd skule kvar vårt skap som var ca 30x30 cm og som me kunne låsa. Alt førebungsarbeid fann stad heime i stova og alle bøker og materiell måtte me dra fram og tilbake på skulen kvar dag. Då Boknatun var ferdig i 1987 blei det frigjort areal på skulen og ved ulike ombyggjingar har ein etter kvart fått egne kontor med arbeidsplassar til personalet, fortel ho.

Kulturinteresserte Ingjerd har sett

spor etter seg, både på skulen og i bygda. Ho blir m.a. kalla *Skulebasarens mor*, basaren til inntekt for TV-aksjonen kvart år. Jula 1986 skapte ho, saman med Sigrunn H. Hosaas og underteikna, den tradisjonelle juleavslutninga på skulen.

Ingjerd er også litt "kry" av at ho var med på oppstarten av "Vevstova" saman med Målfrid Kro Trosnavåg og Grethe Spurkeland.

- Det er kjekt at det framleis er aktivitet i øvste etasje på Kyrkjebygd skule og at dette fantastiske handtverket blir lært vidare. Det er og viktig at det er blitt ein fin møteplass, kjem det frå ei som i 1972 også var med å starta Bokn Idrettslag.

Arne fortel ei artig historie frå då han og kona Sigrunn skulle til kommunen for første gong:

- Eit par år før eg kom til Bokn hjalp eg far min å skjera opp material til huset vårt på Husnes. Me fekk låna sagbruket til Gravdal skipsbyggeri på Sunde. Kvar dag såg me rett bort på det siste skipet dei kom til å byggja før dei gjekk konkurs. Ei stygg, lita ferje, riktignok ikkje malt eller rigga, med ein merkeleg form. Og første gongen eg og Sigrunn stod i Kopervik og skulle til Bokn, der kom den same ferja, «Gullhønå», sigande og skulle bli sambandet vårt dei neste 10-12 åra.

#### **Takksame**

Dei fortel at dei saknar elevane, kollegaene, alle dei andre som arbeider i skulebygget og elles i Bokn kommune, som har vore ein god arbeidsgjevar. Samstundes ynskjer dei alle tilsette lukke til med vidare arbeid.



# Bokn Bygdablad for 25 år sidan

FRÅ NR. 2 1991

## "INVASJON" AV BOKN DEN 24. FEBRUAR


Etter åpninga av Boknasundet bru fredag den 22. februar hadde Bokn Næringsforum i samarbeid med Bokn kommune gått ut med ein annonse og invitert til ein "bli kjent med Bokn" dag søndag den 24. februar. Det var lagt opp til søndagsåpne butikkar, kafe på skulen og hos Steinar Alvestad, sal av varer på Brukshuset og i Hobbybrakkka og åpent hus på vevstova og i Bygdemuseet.

Det vart reine invasjonen som kom. Frå ca. kl. 12.00 og utover til ca. kl. 18.00 kom det bilar over til Bokn i ein jamn straum. Fleire tusen personar må ha vore på Bokn denne dagen. Det vart trafikkork på skuleplassen, for folk hadde parkert slik at det ikkje gjekk å passera med to bilar forbi kvarandre. Det var også fullt av parkerte bilar i Føresvik frå Brukshuset og ned til kaien. Også i Alvestadkroken var det trangt om plassen.

Omsetninga i butikkane og kafeane gjekk svært godt. På dei få timane det var åpningstid selde Bokn Handelslag for kr. 40.000,-. Det gjekk mykje kaffi og konfekt som dei hadde lokka kundane med.

Styrrar Annbjørn Sunde seier til bygdabladet at dei kan tenkja seg å ha ein slik dag også ein annan gong, t.d. til sommaren når heile Bokn-prosjektet skal åpnast. Steinar Alvestad fortel at han hadde fullt av folk både i butikken og i kafeen oppe. I kafeen gjekk dei tomme for egg i vaffelsteikinga, men fekk ny forsyning. Det gjekk elles store mengder med marsipankaker og ulike typer heimebakst. På kaien selde dei røykt laks, makrell og reker, og salet gjekk godt. Steinar Alvestad seier at det heile ga meirsmak, og det kan henda dei som hadde kafeen vil

prøva på kafedrift fleire søndagar framover.



Det i tett kom bilane til Bokn (arkivbilde)

Steinar Alvestad seier til bygdabladet at hadde dei visst kor mykje folk som kom, er det ikkje sikkert dei hadde våga å gi seg ut på opplegget.

Størst kaos var det vel på skulen. Dei som hadde førebudd kafeen her hadde laga middag til ca. 2-300 personar. Når det så kom det mangedobbelte, kan ein tenkja seg kor travelt det vart for dei som sto for kafeen. Dei måtte kalla inn forsterkingar både i eigne familiar og hos andre, og gjekk over til å selja pølser og andre ting. Stort sett var folk i godt lag, og tok det heile med eit smil, sjøl om dei ikkje fekk middagen som det var reklamert med.

Dei næringsdrivande seier som konklusjon at sjøl om innrykket til Bokn vart mange gonger større enn forventet, sit dei att med positive erfaringar. Det viser at det kan gjerast noko meir ut av service-næringane her i kommunen.

Bygdebladet har ikkje snakka med vegvesenet. Fleire stader vart det skade i vegbanen på dei lokale vegane som fylgje av den store slitastjen.

## Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

**Gnr 11, bnr 301** er solgt for kr 121.560 fra Bokn kommune til Kristoffer Nilssen (**01.03.2016**)

**Gnr 24, bnr 35** er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik og Odd Jakob Borgenvik til Thomas Haga (**02.03.2016**)

**Boknatunvegen 34 (Gnr 9, bnr 161, seksjon 4)** er solgt for kr 1.620.000 fra Anette Lunder-vold til Ida Grønnestad Schmeichler (**03.03.2016**)

**Øvrebøvågen 27 (Gnr 3, bnr 61)** er overdradd fra Per Eivind Ognøy til Magne Jordbrekk Ognøy (**07.03.2016**)

**Andel av Gnr 10, bnr 73** er overdradd til Gina Alvestad og Kim Erik Marx Larsen (**08.03.2016**)

**Gnr 11, bnr 232** er solgt for kr 950.000 fra Kjell Olav Skjelde og Torunn Bokneberg Skjelde til Gunn Gismarvik Hognaland og Terje Hognaland (**09.03.2016**)

**Gnr 11, bnr 193** er overdradd fra Bokn kommune til Rogaland fylkeskommune (**16.03.2016**)  
Overdragelsen omfatter også Gnr 11, bnr 194 - Gnr 11, bnr 195 - Gnr 19, bnr 43 og Gnr 20, bnr 12

**Alvestadkroken 8 (Gnr 11, bnr 58)** er overdradd fra Anne Seriene Bringedal til Kjell Arild Bringedal, Sonja Iren Bringedal, Turid Elise Bringedal Houge og Anne Karin Keen Bringedal Meihack (**16.03.2016**)

**Øyren 22 (Gnr 4, bnr 26, seksjon 1)** er overdradd fra Kjetil Vatnaland til Johannes O Svendsen og Marita Svendsen (**17.03.2016**)

**Øyren 24 (Gnr 4, bnr 26, seksjon 2)** er overdradd fra Johannes O Svendsen og Marita Svendsen til Kjetil Vatnaland (**17.03.2016**)

**Gnr 11, bnr 94** er overdradd for kr 300.000 fra Gustav Solberg til Gunnar Henning Solberg (**30.03.2016**)





Kristine **Leonora** Alvestad ble født 28. juli 1918 i Kopervik. Hun var eldst av ni søsken. Tre av brødrene lever fortsatt. Hun måtte ut i arbeidslivet rett etter skolen og begynte i tjeneste i Haugesund. Senere var hun sydame i Stavanger. Hun gikk også bibelskole på Drotningborg.

Etter krigen i 1949 kom hun til Bokn som sylærerinne. Hun giftet seg med Henry Alvestad. Han var enkemann og hadde en sønn Arvid fra første ekteskapet. Leonora og Henry fikk tre sønner til: Bernt i 1950, Laurits i 1952 og Roald i 1956. De bodde i 2. etg. hos Leonoras svigermor frem til 1963 da de flyttet inn i nytt hus på Bokn.

Så har det blitt 8 barnebarn, 16 oldebarn og 3 tippoldebarn.

Leonora var både hjemmeværende husmor og ute i arbeid på hermetikkfabrikken på Bokn.

Hun var en aktiv dame. Hun var søndagsskolelærerinne, var med i misjonsforeninger, sjømannsforening og sanitetsforening. Hun har vært klokke i Bokn kirke og leder i soknerådet.

I tillegg sydde hun bunader. Nærmere fire hundre bunader har det blitt. Hun var alltid å se med et håndarbeide.

Etter at hermetikkfabrikken ble lag ned drev hun med catering for Stavangerske på ferja Tungenes mellom Bokn og Kopervik og Haugesund.



Leonora var en snill og omsorgsfull kone og mor. Den gylne regel, «det du vil andre skal gjøre mot deg, skal du gjøre mot dem», prenta hun inn i barna.

Henry døde i 1984, så hun har vært enke i over 30 år. Hun flyttet til Boknatun for 11 år sidan, få hun ble rammet av demens, men ho var fysisk sprek.

Leonora døde 23. februar på Boknatun. Tre av sønene var der hos henne.



Foto: Kjetil Hamre

## Kulturkalenderen - Nye arr./endringar

### April

27. Bokn bedehus: Sjømannsm. har basar kl. 19

**30. BoknOpp kl. 13.00**

### Mai

01. Gudsteneste kl. 11 - konfirmasjon

02. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18

06. Kino i Auditoriet

08. Bokn bedehus: NLM har møte kl. 19

10. Formannskapsmøte kl. 19

11. Forvaltningsstyremøte kl. 19

**12. Songkafé på Allrommet, sjå s. 19**

15. Gudsteneste kl. 11 - felles for Bokn og Tysvær

17. Gudsteneste kl. 10.30

20. Kino i Auditoriet

**22. Bokn historielag til Nedstrand, sjå s. 16**

**22. Bokn bedehus: Israelmisjonen har møte kl. 19**

25. Kontrollutvalsmøte kl. 17

29. Bokn bedehus: Gidion har møte kl. 19

### Juni

03. Kino i Auditoriet

05. Gudsteneste i Loten kl. 11 - felles Bokn/Tysvær

07. Formannskapsmøte kl. 19

**08. Bokn sanitetsforening har basar på skulen kl. 19.00**

08. Forvaltningsstyremøte kl. 19

12. Bokn bedehus: Normisjonen har møte kl. 19

19. Gudsteneste kl. 11

21. Kommunestyremøte kl. 19

### Juli

10. Gudsteneste kl. 13

31. Gudsteneste kl. 11



**J 9:** Bak fv. Tuva Bryningsland, Matilde Skjelde og Elise Kro-Birkeland.  
Framme fv. Anna Larsen, Marielle N. Alvestad og Thea A. Espeland.



**G 9:** Bak fv. Trym Karoliussen, Shawn M. Skjelde, Ole Christian Hervik-Aksdal og Henrik O. Våge.  
Framme fv. Albert Lindanger, Stian Øvrebø og Anders Larsen.

**Serie**

## Eg seie meg så

Birger Lindanger

Anten var det særskilt lett denne gongen, eller så kvessa svararane seg ekstra. I alle fall fekk denne gongen alle som svara alt rett. Likevel: Også desse uttrykka er i ferd med å gå or bruk i boknamålet, men blir likevel til ein viss rad bruka. Nokre av uttrykka blir også bruka i tilgrensande dialektar, men me tek dei med sidan bymål og oslomål er i ferd med å ta knekken på denne delen av kulturen vår. Når desse orda og uttrykka forsvinn, blir også heile den norske kulturen litt fattigare. Men me gjer oss ikkje og leitar opp or eit mest utømeleg tilfang av boknauttrykk.

### Forklaringar:

- |                              |                                     |
|------------------------------|-------------------------------------|
| 1. å vera avlagde (tilstand) | trøytt, sliten                      |
| 2. ligrevegå                 | påskeveka (den stille veka)         |
| 3. frau                      | skumma                              |
| 4. galdra opp                | øsa opp, gira opp                   |
| 5. halda føre                | meina at                            |
| 6. liga hollen               | like sæl                            |
| 7. koma onna ver med         | få veta noko, få kjennskap til noko |
| 8. kulsen                    | frysen                              |
| 9. lønge                     | allerede                            |
| 10. eit mehe                 | ein det er lite med, tiltakslaus    |

### Månadens utfordringar, kva betyr

1. pyk i
2. svinten
3. leddik
4. sega mjølk
5. å bli sørkja i
6. å vera søyden
7. ein klagje
8. loavetter
9. å kreglast
10. til sjoars

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 6. mai.

### Resultat:

**Andor Borgenvik** 10 poeng  
**Dagsentergjengen** 10 poeng

Me takkar Leif Vatnaland og Helge Laupland for trufaste leveransar av gamle ord og uttrykk også til dette nummeret.

Til sist vil me oppmoda boknarar flest å notera gamle ord og uttrykk dei kjem på og senda dei til «Eg seie meg så»-redaksjonen.

## NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT


Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag,  
en sommerkveld ved fjord og fossevell,  
fra eng og mo med furutrær,  
fra havets bryn med fiskevær  
og til de hvite skjær,  
møter du landet i trefarvet drakt,  
svøpt i et gjenskin av flaggets farveprakt.

Se, en hvitstammet bjerk oppi heien  
rammer stripen på blåkløkker inn  
mot den rødmalte stuen i veien;  
Det er flagget som vaier i vind.  
Ja så hvit som det hvite er sneen,  
og det røde har kveldsolen fått,  
og det blå gav sin farve til breen,  
det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnstund på benken i  
Studentertund der sitter han og hun,  
to unge nyutsprungne russ,  
to ganske nylig tente bluss,  
i tyve grader pluss.  
Hun er som en gryende forsommerdag  
som farves av gjenskinnet fra det norske flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen,  
og så rødt som det rø` hennes kinn,  
hennes øyne er blå som fiolen,  
hun er flagget som vaier i vind.  
Han har freidig og hvitlugget panne,  
og en lue i rødt har han fått.  
Med en lyseblå tiltro til landet  
står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

# 17. mai 2016



## KONGESONGEN

Gud sign vår konge god  
Sign han med kraft og mot  
Sign hjem og slott!  
Lys for ham ved din ånd  
knytt med din sterke hånd  
hellige troskapsbånd  
om folk og drott!

## NASJONALSONGEN

1. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet, værbitt over vannet med de tusen hjem,  
elsker, elsker det, og tenker på vår far og mor  
og den saganatt som senker drømme på vår jord,  
og den saganatt som senker, senker drømme på vår jord.
5. Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud!  
Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt såg ut.  
Alt hva fedrene har kjempet, mødrene har greitt,  
har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett.  
Har den Herre stille lempet, så vi vant, vi vant vår rett.
6. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet værbitt over vannet, med de tusen hjem.  
Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir,  
også vi, når det blir krevet for dets fred slår leir.  
Også vi, når det blir krevet for dets fred, dets fred slår leir.

# PROGRAM 17. MAI 2016

06.30	Salutt frå Boknafjellet
07.30	Frukost på sjøhuset til Lars Magnus Alvestad
08.00	Kapproing frå hamna i Alvestadkroken (påmelding på staden frå kl. 07.30)
09.30	Oppstilling til folketog i Alvestadkroken
09.45	Folketoget går opp til kyrkja
10.30	Gudsteneste i Bogn kyrkje
11.15	Folketoget går frå kyrkja, veg om barnehagen til Boknaton
11.40	Musikkorpsset spelar ved Boknaton
12.00	Kiosksal og matserving startar på skulen
12.30	På skulen: Velkommen ved Tormod Vågå Appell v/ungdomsskulelevar Allsong: <i>Norge i rødt, hvitt og blått</i> Festtale ved Håvard Førland Allsong: <i>Fagert er landet</i>
12.30	Start for ulike uteaktivitetar
15.00	Boknaflm ved <i>Sol &amp; Scene</i> Revyinnslag, smakebit frå Bygdarevyn 2016 Song ved Marte Alvestad & Miriam S. Claussen Bogn seniordans Trekningar – premieutdeling Avslutning – allsong: <i>Jø, vi elsker</i>
15.30	

Bogn hageleg	-	pynting
Odd Grønnestad	-	salutt
8. klasse	-	frukost
Bogn båtforening	-	kapproing
9. klasse	-	middag, kake r, kaffi
Bogn musikkorps	-	musikk, tomboia, pil- og ballkast
Bogn skyttarlag	-	luftgeværskyting
Bogn KFUK-KFUM Speidarar	-	karnesell
Bogn idrettslag	-	trial, kiosk, barnelekar
Havnavegen velforening	-	lykkehjul, popcorn
Austre Bogn Bygdalag	-	spikerstång
BORK	-	barneridning

## VEL MØTT TIL EIN FIN NASJONALDAG

Helsing 17. mai-komiteen 2016



Fagert er landet du oss gav,  
Herre vår Gud og vår Fader.  
Fagert det stig av blåe hav.  
Soli ho sprett og ho glader.  
Signar vårt land i nord og sud,  
soleis di åsyn lyser Gud,  
yver vårt Noreg i nåde.

Tidi ho renn som elv mot os.  
Fort skifter sumar til vetter.  
Fader ver alltid Noregs los,  
radt til dei seinaste ætter.  
Herre vår Gud, vår Noregs  
Gud,  
varda vårt land frå fjell til flud.  
Lær oss å gå dine vegar.

Signa då Gud vårt folk og land.  
Signa vårt strev og vår mødda.  
Signa kvar ærlig arbeidshand,  
signa vår akker med grøde.  
Gud utan deg den vesle urt,  
velknar og visnar, bleiknar



## Kommunesamanslåing - regionalt og lokalt

Bjørn G. Nedrebø

I mange kommunar er det no samtalar og diskusjonar kring kommunesamanslåing. Sjølv om dette er ei omfattande reform, er det få som er engasjerte i saka. Då berre 38 møtte på folkemøte i Tysvær tolka ordføraren i Tysvær dette som: «Det viser at me har fått ut informasjon heile vegen, og at tysværbuane ikkje er så veldig opptekne av denne saka». At tysværbuane ikkje er opptekne av saka kan så vera, men at dei har fått god informasjon stemmer dårleg med ein intervjurunde gjort av NRK-Rogaland om prosessen i kommunane kring Stavanger. Der er det svært få som kjenner til kva som er i emning. At det står så mykje betre til her i nordfylket, tvilar eg på.

Det overordna målet som regjeringa har for kommunesamanslåing er m.a.:

- Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver
- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Bærekraftige og økonomiske robuste kommunar
- Heilskap og samordning i samfunnsutviklinga.

Lite av dette kan eg finne att i intensjonsavtalen mellom Bokn og Tysvær. Ut frå slik eg les avtalen går det meste ut på å få mest mogleg pengar ut av statskassa ( 25 mill. for å gå saman i tillegg til å behalde småkommunetilskotet i 15-20 år framover, tilsvarande 318 mill. fram mot 2039).

Intensjonsavtalen mellom Bokn og Tysvær er på ingen måte visjonær. I sørfylket pågår heilt andre prosessar/samtalar m.a. mellom Klepp, Hå og Time og mellom Sandnes, Sola og Stavanger. «Dette for at vi skal være en robust region nasjonalt og internasjonalt» som ordføraren i Stavanger uttalte til NRK Rogaland. Her i nordfylket er ein svært så «navlebeskuande». Dette gjer at sørfylket tek meir og meir av den «kaka» vi skulle hatt del i.

### Helse

Både i Stavanger og Haugesund er det p.t. planarbeid med å byggje nye sjukehus. I Stavanger slår ein på stortromma og byggjer heilt nytt på Ullandhaug. I det stille reknar dei og sjukehusområde vårt som sitt etter at Rogfast er på plass. Dei har og styrke til å tale Fylkesmannen midt i mot kring plasseringa. Politikarane og presse støttar heilharta opp om prosessen der. Kva skjer her i nord? Eg vil påstå at ha øyrer og augo opne, men det er totalt fråverande engasjement både frå politikarar og presse. Det kan vel hende

at det er betre å vera pasient på SUS enn i Haugesund, men mange arbeidsplassar går tapt om ein mister sjukehuset i Haugesund.

I prosessen med å byggje nytt sjukehus i Haugesund er det og lagt inn at kommunane fullt ut skal kunne drive 24 «øyeblikkelig hjelp» -

senger. Dette sengeta-

let er del av Samhandlingsavtalen mellom helseføretaka (Helse Fonna lokalt) og kommunane. Ut frå røynselene våre og Riksrevisjonen sin rapport er dette på ingen måte tilfredsstillande utnytta i dag. Mykje av midlane til drift av desse kommunale sengene er tekne frå helseføretaka . Følgjene for føretaka er for få senger på sjukehuset som medfører krav om kort liggjetid, fare for feilbehandling og tidsøyande klager frå pasientar og pårørande. Store kommunar som m.a. Bergen greier på ein heilt anna måte å byggje kompetanse og utnytte sengene etter kva dei var tiltenkt. Bokn og Tysvær vert i denne samanhengen for «tuttel «å rekna.

### Arealutnytting

Å nytta ut areal til industri, handel eller busetnad på best mogleg måte bør vera eit overordna mål for alle, i sær å unngå nedbygging av matjord. Kva opplever ein her i nordfylket? Haugesund protesterer på Karmøy sine planar på Kolnes. Haugesund legg hindringar i vegen for Karmøy når det gjeld utnytting av området på Norheim (Oasen). Det lokale rotet kring den fylkeskommunale arealplanen for regionen talar og sitt klare språk om kor enkelt det er å spela lokale vedtak utover sidelina. Eller for å seia det med ein kjent lokal ordførar: »Detter er for dumt»

Den siste lokale usemja er kor det er best å byggje nytt fengsel.

### Fylkesmannen

Fylkesmannen er etter mitt syn eit udemokratisk organ som set til side ei rekkje lokale kommunale vedtak. Me større einingar/kommunar vil det vera større makt bak vedtak. Etter å ha følgt nokre lokale saker undrar eg



meg over kvifor kommunane nyttar mykje tid på lokal utgreiing av einskildsaker når ein likevel snur dersom Fylkesmannen har ei anna meining .

I desse småkampane mellom kommunane her i nordfylket går mykje til sørfylket, sist var det 110-sentralen. Er ein ikkje på hogget vil nok storparten av E 134 også bli småtteri i høve til kva ein får til nord for oss (Bergensregionen).

Regionen treng kraftfulle politikarar som ser framover, eller som Kristian Eidesvik uttalar til HA 23.mars d.å: »er redd Haugesund blir en soveby viss ikkje politikere, næringsliv og alle andre tar seg i nakken og løfter byen og regionen vidare. Vil noe meir.

Det finnes ufattelige mange flinke folk. Også lokalt. Det vi mangler er besluttsomhet. Ledere og poltikere må beslutte».

### Intensjonsavtalen mellom Bokn og Tysvær

Då eg las intensjonsavtalen som er inngått mellom Bokn og Tysvær, fekk eg assosiasjon til avtalen mellom USA og Russland i 1867 då USA betalte Russland \$4,74/km2 for å overta Alaska, eller kanskje endå verre for Bokn, Tysvær får betaling for annekteringar. Birger Lindanger har i detalj gått gjennom det som han ser som ulempe med kommunesamanslåinga. Eg er samd i at det synes lite som freistar. I avtalen står det vakkert om at det skal vera sjukeheim i Føresvik, men slik som stoda er i Tysvær no kan fast sjukheimplass for boknarane like så godt verta i Nedstrand som på Bokn. Det er no eldre frå søra Tysvær som har fast

plass i Nedstrand sjølv om ein primært søkte fast plass i Aksdal. Dei eldre har det kjempeflott på Nedstrandtunet, men å vitje sine nærmaste vil då medføre ein kveldstur på 12-14 mil .

Langsiktig planlegging er viktig for ei bærekraftig utvikling av kommunane, både med tanke på eit klima i endring og optimaliserte utsleppsreduksjonar. Det seiest at djevelen ligg i detaljane og «at alt heng saman med alt».

Nyleg var det og omtale i TB om ein familie som fekk fast plass til mor si same dag som ho vart gravlagd - ja, ja: betre seint enn aldri.

Føresvik er peika ut som områdesenter for søre del av nye Tysvær. Det er ein god intensjon, men makta rår og det er utopi at folk i området frå Førland/Apeland og sørover vil sjå på Føresvik som senteret sitt. At ein i Bokn skal venta sentervekt, vert som å tru på «Tollak og Tussi».

Ut frå avtalen slik den ligg føre har nok boknarane berre måtta godta eit diktat der det er vist lite generøsitet frå Tysvær si side. Verre kan det ikkje verta med tvangssamanslåing, men då har ein i alle høve vist kva ein meiner om fleirtalet stemmer nei. Det er og så nært neste Stortingsval at ein i liten grad vil forventa tvang. Som boknar hadde eg nok stemt mot grunna at ein får mindre att enn ein gir, og avtalen viser at dette ikkje er måten å inngå ektepakt på. Som innbyggjar i Tysvær ville eg stemt mot grunna at dette er ei visjonslaus samanslåing og at det i liten grad vil vera med på å løyse dei store oppgåvene regionen står framfor. Dette gav ikkje politikarane i Tysvær meg høve til. Det er vel det ein kallar «å styrke lokaldemokratiet».

G  
R  
A  
T  
U  
L  
E  
R  
E  
R



**Linnea Elisabeth Palmer - 5 år, 12. april.**

Gratulerer med 5-årsdagen din 12. april, Linnea Elisabeth Palmer!

Me e stolte av deg og e uendelig glad i deg!

Klem fra Sylvia, Sam, Michelle, mamma og pappa  
<3



**Tiril Kristine Alvestad Jøsang - 2 år, 13. april.**

Vil gratulere ei kjempeflotte jente med 2 års dagen som var den 13. april.

Me er så utrolig glad i deg.

Gode klemmer fra Motei og mormor.



**Ingrid Håland 80 år, 20 april.**

Me vil gratulera vår spreke, arbeid,- og hjelpsame mamma, svigermor, mormor og oldemor med 80 års dagen.

Helsing frå barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn.



Formannskapsmøte 26.01.2016, sak 003/16

**Bygging av tilrettelagte bustader -Prosjektplan inkl. mandat, framdriftsplan og budsjett.**

**Formannskapet sitt vedtak:** Prosjektplan «Bygging av tilrettelagte bustader» herunder mandat, framdriftsplan og budsjettforslag blei vedtatt med 6 mot 1 røyst (AP)

ihht demensplan 2016-2020 dersom der vert vedtatt.

formannskapet vil også be om at arbeidsgruppa vurderer driftsutgifter ved alternative utbygginger.

Formannskapsmøte 26.01.2016 sak 004/16

**Orientering om Frisklivssentral i Bokn kommune.**

Formannskapet tok informasjonen frå kommunalsjef telenester Ingunn toft til orientering.

Formannskapsmøte 26.01.2016, sak 006/16

**Kjøp av eigedom til nytt vassverk**

**Formannskapet sitt vedtak:**

forslag til kjøpsavtale vedrørende ervervelse av areal til nytt vannverk blei vedtatt. Avtale er mellom Bokn kommune og grunneiere Anbjørn Bokneberg og Gunnar Emil Bokneberg.

Formannskapsmøte 23.02.2016, sak 013/16

**Etablering av tomteselskap i Bokn kommune.**

**Formannskapet vedtok med 6 mot 1 røyst (AP):** Rådmannen sitt forslag til vedtak vart vedtatt med endring av pkt. 4. Vedtak er:

Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til formelt å etablere Bokn Tomteselskap AS. Tomteselskapet skal ha aksjonærer frå det offentlege i tillegg til private aktørar/næringsliv som har interesse innan bustadbygging og næringsutvikling.

Bokn kommune går inn i det nye selskapet med ein aksjekapital på kr. 1 000 000,- som minimum skal utgjere 33 % og maksimalt 49 % av den samla aksjekapitalen i selskapet. Kommunen sine utgiftene vert dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond.

Kommunen sin representant i styret vert .....

4. Vedtekter, finansiering og stiftingsdokument for det nye selskapet skal godkjennast av kommunestyret før selskapet er formelt etablert

Formannskapsmøte 23.02.2016, sak 019/16

**Søknad om tilskott frå Bokn næringsfond.**

**Formannskapet vedtok:** Å stetta søknaden med kr 50.000,- frå næringsfondet.

Formannskapsmøte 23.02.2016, sak 020/16

**Takstnemnd for eigedomskatt**

**Formannskapet sitt vedtak:**

ihht kommunelova § 13; (hasteparagrafen) blei det vedtatt å utnemna

Takstnemnda for eigedomskatt i Bokn kommune som ei sakkunning nemnd som skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn.

Formannskapsmøte 23.02.2016, sak 021/16

**Eventuelt.**

**Formannskapet vedtok samrøysta:**

Å utnemna Sigmund Alvestad som leiar for seniorrådet.

Formannskapsmøte 05.04.16. sak 027/16

**Framtidig kommunestruktur - folkeavrøysting i Bokn kommune.**

**Formannskapet vedtok:** Rammer for avvikling av folkeavrøysting i Bokn kommune.

Formannskapsmøte 05.04.16. sak 028/16

**Gnr. 11 bnr. 185 - Magne og Finn Alvestad - kjøp av 2 tomter i Knarholmen for bruk til verksemd knytt til fiskeri.**

**Formannskapet vedtok:** rammer for sal av 2 tomter i Knarholmen til verksemd knytt til fiskeri.



Framhald i neste blad.

# Sundagstur til Nedstrand

Bokn historielag tek turen til Nedstrand eller "Byen i Ryfylke" som staden vart kalla på 1600-talet.

Nedstrand var på den tida den viktigaste staden for handel og eksport kanskje i heile Rogaland.

I 1619 vart det fortolla 183 utanlandske skuter som henta tømmer frå Nedstrand.



Nedstrand fekk status som tollstad frå 1630.

*Jordbruksskolen*

Dette og mykje anna vil du få vita meir om dersom du vert med. Me køyrer med kommunebussen

**Sundag 22.mai**  
**kl 1000 frå Boknatun.**

Me får omvising på Nedstrand bygdemuseum som har fine samlingar og utstillingar på:

- **Gamle Vatland skule**
- **Ungdomshuset på Baustad**



*Ungdomshuset på Baustad.*

Og ikkje minst interessant vert **Tollboden.**

Etter omvisingar køyrer me innom **Tveit jordbruksskule** kor me kan kjøpa oss middag

**Turen er gratis** både for medlemmer og ikkje medlemmer.  
(Middagen betalar alle sjølv.)

**Påmelding så snart som mulig. Siste frist 14. mai**

til Leiv Våga, telefon **941 44 714** eller e-post **leiv.vaga@haugnett.no**

Helsing Bokn historielag.



**Vi kalker for lite i Norge!  
Er du en av dem?**

***Vi har nytt lager på Bokn***

**Bestill hos:  
Reidar Roda 97161697**

**RODA**  
**AGRI MASKIN**



**MILJØKALK**

***[www.kalk.no](http://www.kalk.no)***

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå	2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå	500 kr.
Skinnpølse	frå	500 kr.
Desinfisering av klimaant.		500 kr.

### Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

#### Nytt!

Smøreoljer til alle formål.  
T.d: 2 taktolje, motorolje,  
hydraulikkolje,  
sagkjedeloje osv.

Kjell Frode 907 83 797  
John Magne 909 24 964  
@: kjellfrode75@hotmail.com



## NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

### Bokn & Tysvær

#### begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie  
907 83 797

John Magne Lie  
909 24 964

## Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop  
Marked Bokn.

**Opningstider blir varsla med  
oppslag på døra og på  
Facebook-sida vår.**

Helsing

Elisabet & Annette

469 59 513 - 913 28 258



## Per Spelemann

Silje Gismarvik

Vi i barnehagen fikk være med på en forestilling i auditoriet .  
Vromlehjulet figurteater hadde en ny vri på eventyret om Per  
Spelmann. Vi fikk være med på ferden i fra da Per skulle reise  
hjemmenifra og besøke ulike verdensdeler, og hvilke utford-  
ringer han møtte på. Vi fikk se hvordan folkemusikken var både  
i bl.a Asia og Amerika. Vi kosa oss på forestilling, og det er alltid  
kjekt å få være med på ting om skjer i auditoriet.



## Trovåg Elektro

### Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:  
52 77 63 39  
post@trovag.no

Til alle på Dagsenteret,  
Sjukestova og  
alle pensjonistar!


## Velkommen til songkafé

torsdag 12.mai kl. 14.30  
på Allrommet på Boknatun!

## PROGRAM

- Allsong saman med 3. og 4.klasse
- Leiv Våga fortel frå gamle dagar
- Opplesing
- Gratis kaffi, lappar og frukt

Arr: Kyrkja i Bokn



Tannlege Ingjerd Hope  
Myklebust har skiftet ar-  
beidssted til Aksdal tannkli-  
nikk i Aksdal senter, 2. etasje  
ved Jernia. Velkommen til  
gamle og nye pasienter!

Telefon 52 77 57 00

**aksdal**  
TANNKLINIKK

TANNLEGE

Ingjerd H. Myklebust

TANNLEGE

Camilla K. Mæland

### Opningstider, Bokn bibliotek

Måndag	16.00 - 19.00
Tysdag	09.30 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.30 - 13.30

Bokn bibliotek er inntil vidare stengt  
om ettermiddagane på måndagar.

Linda Ognøy - biblioteksjef -

Frisørrommet på Boknatun  
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:  
tirsdag-fredag  
kl. 09-16

**GOLDWELL**

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34

**GOLDWELL**

### Skytetider for Bokn skyttarlag 2016

Treningar	Jaktprøver
05.05 kl. 14-16	29.05 kl. 14-16
11.05 kl. 18-20	08.06 kl. 18-20
22.05 kl. 14-16	19.06 kl. 14-16

### BOKN LEGEKONTOR

Opningstid tysdag, onsdag og fredag 08  
– 15.

Telefontider 08-11 og 13-14.

Telefon 52 75 25 40.

Timebestilling også på nett / SMS – sjå  
bokn.kommune.no for meir info.

**Ved livstruande tilstand, ring  
113.**

Dersom du er utanfor kommunen, men  
treng å komme i kontakt med Bokn  
legevakt (f.eks som pårørande), ringer  
du 52 74 85 22.

Jan Schille - lege




### Velkommen til Hårsmiå!

Nyinspirert fra kurshelg på Geilo. Kom  
innom salongen så tar jeg gjerne en  
hårprøve for anbefaling av  
rett hårprodukt .

Åpent alle hverdager inkludert  
lørdager etter avtale.

**Mvh. Mona**



**A-Blad**

Returadresse:  
BOKN KOMMUNE  
5561 BOKN




Foto: Kjetil Hamre